

# Møteprotokoll

## Kommunestyret



Møtedato: 23.11.2017 Tid: 14:00 – 19:20  
Møtestad: Kommunestyresalen  
Møte leiar: Gaute Straume Epland

### Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gaute Straume Epland	Leiar	AP
Lene Susann Pilskog til PS 62/17	Medlem	AP
Bente Bjelland	Medlem	AP
Edgar Inge Damås	Medlem	AP
Sigurd Sævareid	Medlem	AP
Jan Terje Alsaker	Medlem	AP
Marit Tislevoll Odland	Medlem	AP
Nils Tore Gram Økland	Medlem	AP
Pål Ankervold	Medlem	AP
Susan Hassan Mohamad Abdallah til PS 60/17	Medlem	AP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Johan Inge Særsten	Medlem	FRP
Linda Grundtvig	Medlem	FRP
Inger Lill Aasheim	Medlem	FRP
Helge Einar Vie	Medlem	H
Sverre Olav Svarstad	Medlem	H
Reidunn Aasheim	Medlem	H
Geir Kannelønning til PS 66/17	Medlem	H
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Torbjørn Brosvik	Medlem	KRF
Randi Agnete Nysæter	Medlem	KRF
Kjetil Eldøy	Medlem	KRF
John F. Tonnessen	Medlem	MDG
Jakob Bjelland	Nestleiar	SP
Silje Vatna	Medlem	SP
Margareth Ottesen Mjønes	Medlem	STL
Tore Hatlevik	Medlem	STL
Nils Magne Blålid	Medlem	SV
Hilde Hildal Hauglid	Medlem	SV
Vegar Moe	Medlem	SV
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	SV
Geir Angeltveit	Medlem	V

### Varamedlemer som møtte:

Namn	Representerer	Møtte for
Lena Petterteig	AP	Asbjørn Aasheim
Nina Østensjø, ikkje Gk 15 og 16/17	H	Liv Kari Eskeland
Per Audun Halleraker til habilitetsspørsmålet i PS 59/17	H	Liv Kari Eskeland
Albert Eikeland	SP	Esther Aasen Bjelland
Siv Kvalsvik frå 60/17	AP	Susan Abdallah

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Magnus Mjør	Rådmann
Knut J. Gram	Kommunalsjef
Mariann J. Hilt	Kommunalsjef
Lovise Vestbøstad	Kommunalsjef
Hege Etterlid	Økonomisjef
Annlaug Tenold	Personal- og organisasjonssjef – delar av møtet

Stord, 24.11.2017

Marit Annie Åkra  
møtesekretær

## SAKER TIL HANDSAMING

- GK 15/17 Godkjenning av innkalling og sakliste  
GK 16/17 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26.10.17

### **Politiske saker**

- PS 59/17 Årsbudsjett 2018, økonomiplan 2018-2021  
PS 60/17 Årsbudsjett 2018, økonomiplan 2018-2021 Stord hamnestell  
PS 61/17 Godkjenning forprosjektrapport bufellesskap for funksjonshemma  
PS 62/17 HORDALAND FYLKESKOMMUNE- SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT PÅ TOMT, VERK OG BRUK, JF. EIGEDOMSSKATTELOVA § 7 A  
PS 63/17 Redningsselskapet- Søknad om fritak for eigedomsskatt  
PS 64/17 Søknad om fritak frå vervet som medlem i Rådet for funksjonshemma, Camilla Utne  
PS 65/17 Søknad om fritak frå verv som meddommar i Gulating lagmannsrett, periode 2017 - 2020 - Stig Tommy Bertil Ling  
PS 66/17 Endring av gjeldande forskrift om kringsgrenser

### **Meldingssaker**

- RS 27/17 Samarbeidsrådet for Sunnhordland - Referat AU møte

### **Interpellasjon**

- IS 10/17 Spørsmål plan for Miljøgata.

## GK 15/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## GK 16/17 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26.10.17

### Vedtak

Møteprotokoll frå møte 26.10.2017 vart samrøystes godkjent.

## PS 59/17 Årsbudsjett 2018, økonomiplan 2018-2021

### Vedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2018-2021 med desse endringane:

Endring driftsbudsjett	2018	2019	2020	2021	Kommentar
Kontrollutval	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	
Lærlingar	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	19 stykk
Elevressurs	500 000	500 000	500 000	500 000	
Fritidsklubbar	250 000	700 000	700 000	700 000	Sjå verbalpunkt
Heimebaserte tenester	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	Halverer nedtrekk
Stillingsgruppa	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	Tek vekk kutt-kravet, men vidarefører gruppa.
Kirkens Bymisjon	459 000	788 000	788 000	788 000	
Frisklivssentralen	272 000	381 000	381 000	381 000	
Flyktningar	0	0	0	0	Sjå verbalpunkt
Innsparing som følge av strukturendring barnehage		-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	
Planmidlar	200 000	200 000	200 000	200 000	
Førstelineteneste, næring	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	Sjå verbalpunkt
Auka kostnad som følgje av investeringar		76 250	426 250	786 250	Her er det teke med auka kapitalutgift som fylgje av mindre overskot
3 part	1 500 000	0	0	0	Innsparingskrav blir dermed 3 500 000,- i 2018
Tilleggsøyvingskonto formannskap	500 000	500 000	500 000	500 000	
Tilleggsøyvingskonto kommunestyret	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	Til saman 2 million i budsjettreserve
<b>Endring i høve rådmannen sitt oppr. budsjett</b>	<b>7 981 000</b>	<b>6 445 250</b>	<b>6 795 250</b>	<b>7 155 250</b>	Bruker 2,9 million til verdibevarande vedlikehald og frivillige lag og organisasjonar

Endring investeringsbudsjett	2018	2019	2020	2021	Kommentar
Planlegging utbygging institusjonsbaserte omsorgsplassar			200 000		
Digitaliseringsprosjekt	375 000				
Investering veg, samarbeidsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Mindre overskot enn i rådmannen sitt framlegg -> auka låneopptak		6 000 000	6 000 000	6 000 000	
Forprosjekt skeisebane	150 000				
Sum endringar i høve opprinneleg budsjett	1 525 000	7 000 000	7 200 000	7 000 000	
Effekt driftsbudsjett	76 250	426 250	786 250	1 136 250	

## Verbalpunkt

- A) Skulebruksplan Kommunistyret ber rådmannen om å fremja sak om rulling av skulebruksplanen med særleg fokus på å få til varige løysingar og kringsgrenser for barneskulane. Framtidig løysing for Langeland skulekrins der elevane aust for E39 tilhøyrer oppvekstområde sentrum skal leggst fram. OUT skal fastsetja endeleg omfang for rullinga av planen.
- B) Skule Kommunistyret ber rådmannen om ei sak som vurderer dei ulike programma som vert brukt i Stordskulen, til dømes Olweus, MOT og Respekt. Saka må også vurdere større grad av sameining rundt desse programma.
- C) Idrettsanlegg, 1/3 finansiering Kommunistyret ber rådmannen om ei sak for å vurdere prinsippet om 1/3 kommunal medfinansiering ved utbygging av idrettsanlegg. Kommunistyret ber rådmannen om ei sak om framtidig utbygging av idrettsanlegg i kommunen. Det skal setjast opp ei prioriteringsliste for aktuelle prosjekt, inkludert avslutta prosjekt. Kommunistyret føreset at saka vert lagt fram for idrettsrådet for uttale.
- D) Flyktingar Kommunistyret ser at unormalt høg busetting av flyktingar dei siste åra har nødvendiggjort styrking av tenestene retta mot denne gruppa. Nivået på tenestene kan ikkje umiddelbart reduserast sjølv om kommunen i 2018 vert bedne om å ta imot langt færre flyktingar enn føregåande år. Kommunistyret føreset at staten tek ansvar for inntektsbortfallet, og ber ordførar/rådmann ta initiativ til dialog med sentrale styremakter om utfordringa. Det er naturleg at KS også vert involvert i desse avklaringane.
- E) Fritidsklubbar Kommunistyret ber rådmannen leggja fram sak om framtidig organisering av fritidsklubbane, der ein ser på sterkare deltaking frå frivillige organisasjonar, brukarbetaling og søknad om statleg støtte frå td frifondsmidlar
- F) Førstelineteneste Kommunistyret løyver 200 000,- til førstelineteneste for etablerarar, og ber rådmannen vurdere eventuell auke av denne løyvinga ved budsjettrevisjonen i juni 2018 basert på behovet for tenestene.
- G) Huglo Kommunistyret ber ordførar/rådmann ta initiativ overfor Tysnes kommune og Hordaland fylkeskommune for å leggja ein plan for regulering og realisering av brusamband mellom Huglo og Tysnes. Kommunistyret forventar at Hordaland fylkeskommune tek størstedelen av kostnaden med planarbeidet.
- H) Skeisebanen Kommunistyret ber rådmannen utarbeida ein forstudierapport for tak over skeisebanen med vekt på å få fram eit realistisk overslag over investerings- og driftsutgifter. Kommunistyret legg til grunn at prosjektgruppa skal ha medlemmer frå idretten. Kommunistyret føreset at idretten også bidreg økonomisk til forstudierapporten.
- I) Integrering Kommunistyret ser arbeidspraksis som avgjerande for vellykka integrering og framtidig deltaking i det ordinære arbeidslivet. Kommunistyret ber difor rådmannen syta for at Stord kommune har eit variert tilbod arbeidspraksisplassar i ulike einingar.
- J) Hystad -> Prestegardsskogen Kommunistyret ber rådmannen om ei vurdering av å overføra kr 3 mill. i investeringsbudsjettet frå Hystadbanen til kunstgras i Prestegardsskogen.

Oversendingsframlegg:

- Kommunestyret ber om at klima- og miljøplanen når den vert lagt fram saman med kommunedelplanen skal ta sikte på monaleg reduksjon i klimagassutsleppa i kommunen, planen må også innehalda eit klimabudsjett som visar korleis ein skal nå måla i planen
- Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utviding av tilbodet ved kulturskulen retta mot vaksne. Målet skal vere at ved å nytta utnytta kapasitet (f.eks. lærarar som ønskjer auka stilling) til å tilby kulturskuleundervising til sjølvkostpris **for vaksne**. Tilbodet skal ikkje ramma tilbodet til born og unge, ikkje gå forbi born og unge i køen, og om me seinare vel å utvida på born og unge så har dei førsteprioritet. Det kan gje meir kultur tilbod til vaksne, sørgja for eit godt vekstpotensiale i skulen når den tid kjem for born og unge.
- Kommunestyret ber rådmannen sjekke moglegheitene for etablering av legekontor i Sagvåg. Det er viktig at kommunen arbeider for at pasientgrunnlaget vert stort nok for eit slikt legekontor. Kostnadene må verta innarbeidd i budsjettet for 2019.

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2018: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*

b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygd grunneigedom.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. tabell 12.10 til budsjettokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2018.

d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar. Det vert opna for at dette kan fordelast på 12 terminar.

e) Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

f) Botnfrådrag vert for 2018 sett til kr 400 000

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 370 641 000 kr i lån i 2018 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån	kr 30 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 162 420 000
Andre lån	kr 178 221 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå tabell 12.9) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2018 slik det går fram av eige hefte "Betalingsatsar for Stord kommune" for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingssaker
- Betalingsatsar for feiing og tilsyn
- Avgift for vatn, avlaup og renovasjon

6. Som eit ledd i å få meir automatiserte tenester vedtek kommunestyret at det skal innførast fakturgebyr på papirfaktura. Gebyret vert sett til kr 45. Desse er unntatt frå gebyr:

- Foreldrebetaling barnehage
- Sjølvkostområda
- Dagopphald og korttidsopphald institusjon
- Elektronisk faktura

7. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2018 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass	kr 199 049
Store born/full plass	kr 95 249

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarande retningsgjevande satsar frå departementet.

8. Kommunestyret avviklar drifta i Sagvåg og Litlabø barnehage avdeling Litlabø frå og med 1. august 2018. Kommunestyret ber rådmannen fremja sak om framtidig disponering av bygget der Litlabø barnehage driv.
9. Kommunestyret ber rådmannen i 2018 fremja ei sak om ein ny kommunal barnehage i bydel Sagvåg, jmf. Kommunedelplan Barnehage. Ulike moglege tomter skal komme fram i saka. Framtidig organisering og struktur av dei kommunale barnehagane skal også drøftast i same sak eller i ei eiga sak.
10. Stord kommune vil i 2018 busetta 30 flyktningar medrekna familiesameiningar.
11. Stord kommune gjev Stord kyrkjelege fellesråd eit driftstilskot for 2018 på kr 8 269 176. Kr 90 000 av tilskotet er øyremerka tilskotsordninga til kremering. Kommunestyret legg til grunn at fellesrådet fastset ein tilskotssum for etterletne som vel kremasjon og forvaltar ordninga med kremasjonsstønad innanfor den fastsette ramma.
12. Det vert for 2018 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

Sunnhordland museum	kr 100 000
Friluftsrådet vest	kr 325 192
Stord sogelag	kr 10 000
Sunnhordland kammerorkester	kr 25 000
Teaterlaget	kr 10 000
Venskap Stord-Comalapa	kr 20 000
17. mai Leirvik, Sagvåg og Huglo	kr 76 000
Falturiltu barnebokfestival	kr 100 000
Gards- og ættesoge	kr 75 000
Arrangementet 100 dagar (underskotsgaranti)	kr 25 000

Det skal fordelast 400 000 til lag og organisasjonar, med kr 150 000 til idrettslaga og kr 250 000 til andre lag og organsasjonar etter kommunestyret sine retningslinjer. Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2018-budsjettet i til samarbeidstiltak og

næringsføremål:

Hordaland olje og gass, driftstilskot	kr 50 000
Haukelivegen AS, driftstilskot	kr 30 000
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	kr 613 400
Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga	kr 228 100
Medlemskontingent Stord næringsråd	kr 30 000
Atheno AS, Maritim industriinkubator	kr 150 000
Atheno AS, Ungt entreprenørskap	kr 65 000
Kjøp av førstelinetenester for næringsetablering	kr 400 000

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål. Søknad frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland dagsett 11. september 2017 om å auka tiltaksmidlane frå kr 2 per innbyggjar til kr 7 for å styrka reiselivssatsinga, vert ikkje imøtekomen.

13. Kommunestyret ber rådmann/ordfører gå i dialog med dei andre Sunnhordlandskommunane og Hordaland fylkeskommune om å laga ein opptrappingsplan for finansieringa av Sunnhordland museum. Kommunestyret ser det som naturleg at Stord kommune som vertskommune tek ein større del av den kommunale delen av finansieringa. Kommunestyret ber om at sak vert lagt fram innan sommaren 2018.

Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak om framtida for Stord maritime museum, SMM, i tråd med intensjonen i vedtaket i kommunestyret i juni 2017 der stiftinga SMM skulle fremja eit alternativt driftsopplegg. Eventuell kommunal medverknad må koma i form av ei overgangsordning som ikkje kjem i konflikt med opptrappingsplanen for Sunnhordland Museum.

14. Kommunestyret ber styret i Stord kommunale eigedom AS om å justera ned husleiga i Ske-bygget i sentrum med kr 1 000 000 i 2018. Kommunestyret vil vidare ta ut kr 1 000 000 i ekstraordinært utbytte av Stord kommunale eigedomsselskap i 2018.

Kommunestyret ber rådmannen første halvår 2018 leggja fram sak om framtidig strategi for SKE AS, der avvikling av selskapet også skal vurderast. Formannskapet skal fastetja omfanget av saka

15. Stord kommune takkar nei til å delta i finansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt, jf. invitasjon frå KS dagsett 8. september 2017.
16. Kommunestyret ber rådmannen gå i tingingar med arbeidstakarorganisasjonane med sikte på å avvikla ordninga med antesipert (føregripen) lønsansiennitet. Kommunestyret legg til grunn at spørsmålet også vert vurdert i trepartssamarbeidet.
17. Kommunestyret ønskjer å avvikla ordninga med betalt matpause for tilsette innanfor kontoradministrasjon i Stord kommune og ber rådmannen om å drøfta spørsmålet med arbeidstakarorganisasjonane. Kommunestyret legg til grunn at spørsmålet også vert vurdert i trepartssamarbeidet. Driftsstyret får fullmakt til å gjera vedtak i saka.
18. Kommunestyret ber om at rådmannen i løpet av første halvår 2018 fremjar ei sak om drifta av dei nye sjukeheims plassane i Bandadalen. Saka skal ta opp i seg i kva takt plassane skal takast i bruk, og finansiering og opprusting av «gamle» Stord sjukeheim. Saka skal vurderera mogelege konsekvensar for heimebaserte tenester og sengeavdelinga på Rehabiliteringssenteret.

Saka skal også vurderast konseptet FriNO.

## **Handsaming**

Samla budsjett vart vedteken med 22 mot 13 røyster (H, Frp, V og Stordlisto)

### Habilitet:

Sverre Olav Svarstad (H) stilte spørsmål om eigen habilitet i samband med Stord Maritime Museum då han er med i ei arbeidsgruppe under styret i SMM og tredde frå under handsaminga av spørsmålet.

Kommunestyret handsama spørsmålet og fatta følgjande vedtak:

Svarstad vart samrøystes kjent gild i saka, etter fvl. § 6 1. og 2. ledd og tok plass att.



Det vart først røysta over dei ulike budsjettfamlegga

Ap, KrF, Sp og SV kom med framlegg til taldel og verbalforslag i nr 1 og endring i nr. 8, 9, 13, 14 og 18 slik det ligg føre i vedtaket.

Pkt 1, taldelen	Vedteke med 21 mot 14 røyster (H, Frp, V, MDG og Stordlisto)
Verbalpunkt	
A) Skulebruksplan	Vedteke med 24 mot 11 røyster (H, Frp og V)
B) Skule	Vedteke med 31 mot 4 røyster (Frp)
C) Idrettsanlegg	Samrøystes vedteke
D) Flykningar	Vedteke med 25 mot 10 røyster (H og Frp)
E) Fritidsklubbar	Vedteke med 29 mot 6 røyster (H)
F) Førstelineteneste	Vedteke med 24 mot 11 røyster (H, Frp og V)
G) Huglo	Samrøystes
H) Skeisebane	Vedteke med 24 mot 11 røyster (H, Frp og MDG)
I) Integrering	Samrøystes vedteke
J) Hystad/Prestegards	Samrøystes vedteke
Pkt 8, ny setning 2	Samrøystes vedteke
Pkt. 9 tillegg	Samrøystes vedteke
Pkt 13 nytt	Vedteke med 23 mot 12 røyster (H, Frp, V og MDG)
Pkt 14 tillegg	Vedteke med 27 mot 8 røyster (Frp, Stordlisto og Fredrik Litleskare og Geir Kannelønning begge H)
Pkt. 18 tillegg	Samrøystes vedteke
Oversendingsframlegg	Samrøystes vedteke

\*\*\*\*\*

Oversendingsframlegg kulepkt. 1 og 2 vart lagt fram av V.

Oversendingsframlegg kulepkt. 3 vart lagt fram av Frp.

Formannskapet si innstilling til punkta som vart endra.

- Pkt. 8 Kommunestyret avviklar drifta i Sagvåg og Litlabø barnehage avdeling Litlabø frå og med 1. august 2018. Avdelinga på Nysæter vert administrativt slått samane med Tjødnalio barnehage, til Sagvåg barnehage. Det skal haldast stengt ei avdeling i Skogatufto barnehage også barnehageåret 2018-2019.
- Pkt 9 Kommunestyret ber rådmannen i 2018 fremja ei sak om ein ny kommunal barnehage i bydel Sagvåg.
- Pkt 13 Kommunestyret viser til budsjettsituasjonen og finn ikkje å kunna imøtekoma søknad frå Stord maritime museum om tilskot for 2018. Kommunestyret viser samstundes til sitt vedtak av 16. februar 2017, og ber styret i Stiftinga Stord maritime museum om å vurdere grunnlaget for stiftinga og gåva frå Oma-familien på bakgrunn av endra rammevilkår og at det ikkje lenger er samarbeid med Sunnhordland museum.
- Pkt 14 Kommunestyret ber styret i Stord kommunale eigedom AS om å justera ned husleiga i Ske-bygget i sentrum med kr 1 000 000 i 2018. Kommunestyret vil vidare ta ut kr 1 000 000 i ekstraordinært utbytte av Stord kommunale eigedomsselskap i 2018
- Pkt 18 Kommunestyret ber om at rådmannen i løpet av første halvår 2018 fremjar ei sak om drifta av dei nye sjukeheimplassane i Bandadalen. Saka skal ta opp i seg i kva takt plassane skal takast i bruk, og finansiering og opprusting av «gamle» Stord sjukeheim. Saka skal vurdere mogelege konsekvensar for heimebaserte tenester og sengeavdelinga på Rehabiliteringssentere

Stord Høgre kom med følgjande framlegg til endringar som fall:

### 1. DRIFTSBUDSJETT

Tekst	Meir utgift/Mindre inntekt	Meir inntekt/mindre utgift
Effektivisering/innsparing		6 700 000
Auke i tilskot Kyrkjeleg fellesråd	150 000	
<b>ADMINISTRASJON/IKT</b>		
Deltaking i KS sitt digitaliseringsprosjekt	380 000	
<b>TEKNISK</b>		
Innfasing av vedlikehald	2 500 000	
<b>NMK</b>		
Ikkje stønad til gardslag og ættesoge		75 000
Ikkje stønad til HOG		50 000
Ikkje stønad til Haukelivegen AS		30 000
Stønad til SMM	250 000	
Auka stønad til SM		
Fritidsklubbane	250 000	
<b>OOU</b>		
Psykolog	500 000	
Auka elevressurs	430 000	
<b>RHO</b>		
Kirkens bymisjon	460 000	
Frisklivssentralen	250 000	
Endring	5 120 000	6 855 000
Til disposisjonsfond		1 735 000

### 2. INVESTERINGSBUDSJETT

MEIRINVESTERING/MINDRE INVESTERING	MINDRE INVESTERING/MEIR INVESTERING
Rehab rådhus vert utset7 inntil rådmannen har lagt fram ei sak som syner omfanget av slik rehabilitering.	9 000 000
Park og friluftareal utsett	650 000
Utstyr kulturhus på vent	1 100 000
Reduksjon av rehab kommunale bygg	2 500 000
<b>Samla reduksjon investering</b>	<b>13 250 000</b>
<b>Reduksjon i rentekostnad</b>	<b>103 350</b>
Avdrag vert først belasta i året etter investeringa vert gjort Rente 1.56 %	

### 3. Verbalframlegg

#### 3.1. Formannskapet sitt punkt 9 vert endra til:

Kommunestyret ber rådmannen i 2018 fremja ei sak om ny barnehage i bydel Sagvåg

#### 3.2 Formannskapet sitt punkt 17 vert endra til:

Kommunestyret ynskjer avvikele betalt matpause til tilsette i Stord kommune som ikkje i kraft av avtaleverket har rett på betalt matpause. Kommunestyret ber rådmannen iverksette drøftingar med dei

aktuelle fagorganisasjonane med tanke på å avvikle denne ordninga, samt legge opp til drøftingar / informasjon i trepartssamarbeidet. Driftsstyret får fullmakt til å gjera endeleg vedtak i saka.

Nytt punkt 19.

Kommunestyret ber rådmannen fremje ei sak for kommunestyret om korleis kommunen kan bruke Stord kommunale Eigedomsselskap AS til ei meir profesjonell drifting av Stord kommune sine utleigebustader.

Nytt punkt 20

Investering i rådhuset med 9 million kroner vert sett på vent inntil rådmannen har lagt fram ei sak som syner kva desse investeringane omfattar. Her må det gå fram kva som er lovpålagte utbetringar og kva som ikkje er det.

Framlegget fekk 8 røyster (H og Stordlisto)

Geir Angeltveit (V) kom med følgjande framlegg til budsjett som fall:

Endring driftsbudsjett - inntekter	2018	2019	2020	2021
Avdrag Stord Ungdomsskule	4 100 000	4 100 000	4 100 000	4 100 000
Avdrag ny sjukeheim			3 268 000	3 268 000
Renter Stord Ungdomsskule	3 952 400	3 198 000	3 567 820	4 080 730
Renter Ny Sjukeheim		1 742 933	2 993 488	3 428 458
Reiselivssatsing	250 000	250 000	250 000	250 000
LEAN	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Utmelding av HOG Energi	50 000	50 000	50 000	50 000
Utmelding av Haukelivegen AS	30 000	30 000	30 000	30 000
Stord Kyrkjelege Fellesråd	60 000	60 000	60 000	60 000
FriNO		1 200 000	1 700 000	2 500 000
Lærlingenorm	150 000	150 000	150 000	150 000
Innsparing som følge av strukturendring barnehage		1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>Endring i høve rådmannen sitt oppr. budsjett</b>	<b>9 592 400</b>	<b>12 780 933</b>	<b>18 169 308</b>	<b>19 917 188</b>

Endring driftsbudsjett - utgifter	2018	2019	2020	2021
Klassedelingstal 25 Barneskulen	1 600 000	4 400 000	4 400 000	4 400 000
Klassedelingstal 25 Ungdomsskulen	2 400 000	5 100 000	5 100 000	5 100 000
Indeksregulering elevressurs	430 000	430 000	430 000	430 000
Frisklivssentralen	272 000	381 000	381 000	381 000
Leikeplassfond	100 000	100 000	100 000	100 000
Harri og Litlabø Fritidsklubb	250 000	700 000	700 000	700 000
Kirkens Bymisjons prosjekt - iJobb	459 000	788 000	788 000	788 000
Sunnhordland Museum	590 000	590 000	590 000	590 000
Endring som følgje av endringar i investeringsbudsjett	69 000	119 000	69 000	19 000
<b>Endring i høve rådmannen sitt oppr. budsjett</b>	<b>6 170 000</b>	<b>12 608 000</b>	<b>12 558 000</b>	<b>12 508 000</b>

Endring driftsbudsjett - utgifter	2018	2019	2020	2021
Sum drift	3 422 400	172 933	5 611 308	7 409 188
Endring investeringsbudsjett	2018	2019	2020	2021
Investering opptaksutstyr formannsskapsalen	200 000			
LED-tiltak	1 000 000	1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
Investering rådhuset	- 200 000			
Investering Hystad Skule fotballbanen	- 3 000 000			
Investering Prestegardsskogen	3 000 000			
Digitalisering samarbeidsprosjekt KS	380 000			
Sum endringer i høve opprinneleg budsjett	1 380 000	1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
Effekt driftsbudsjett	69 000	119 000	69 000	19 000

#### Verbalforslag:

Kommunestyret ber om sak på FriNO. Eit alternativ til sjukeheim. Sjå konseptvedlegg.

Kommunestyret ønskjer å ivareta ein barnehage i nærmiljøet til Litlabø. Og ber om at administrasjonen fremmar sak om sal av Litlabø Barnehage, med sikte på vidare drift.

Kommunestyret ber om at investering i Kunstgrasbanen ved Hystad Skule vert omprioritert til investering i Prestegardsskogen, i tråd med innspel frå Stord Idrettsråd. Planen for kunstgrasbanen på Hystad Skule må omarbeidast til ein gummikule-fri bane, med mål om å stoppa forureininga av mikroplast frå landets fotballbanar. Andre framtidige investeringar og rehabilitering av kunstgrasbanar skal ha same krav.

Kommunestyret ber om at innføring av låste dører på rådhuset "Slusing", kjem opp som orientering til formannskapet om tryggleik på rådhuset. Mål om henvising gjennom resepsjon kan oppnåast gjennom ominnreiing av foajee.

Framlegget fekk 1 røyst (V)

Sigbjørn Framnes (Frp) kom med følgjande framlegg til budsjett som fall:

Endringar for drift (millionar)

Beskrivelse	2018	2019	2020	Merknad
Effektivisering	-7	-14	-14	Effektivisering
IKT	-0,5	-0,9	-0,9	Effektivisering / tiltak
Skatteinngang	0	0	0	
Areal effektiviserings prosjek	-0,5	-1	-1	Effekt / tiltak
Reduksjon av talet på eining / avdelingsleiaTilsvrarar	-2,5	-5	-5	Tilsvrarar 7 stillingar
Velferdsteknologi	-0,5	-1	-1	
Effekt Lean	-0,5	-1	-1	
Kirkens Bymisjon	0,46	0,79	0,79	
Kyrkjeleg Fellersåd	0,15	0,3	0,3	Prisvekst
Frisklivssentralen	0,32	0,43	0,43	
Fysio- og ergoterapitenestene	0,42	0,42	0,42	Tilsette vakant stillingsprosent
Hamna kontaktsenter	0,36	0,36	0,36	Erfaringsmedarbeidar
Styrking vedlikehald bygg	2,5	2,5	2,5	
Stord Maritime Museum	0,35	0,35	0,35	
Fordeling lag og organisasjonar	0,5	0,5	0,5	Fordeling medlemmer barn / unge
Oppretthalde fritidsklubbar	0,3	0,76	0,76	
Psykolog stilling	0,82	0,41	0,41	Lovpålagt frå 2020
Frådelt skule Litlabø	0,36	0,18	0	
Fasade Gamlehallen (tiltakspenger)	-2			
Vedlikehald kommunale bustadar	2			
Kommunalt vegvedlikehald	2	3	3	Reasfaltering kommunale vegar
Dagaktivitetstilbod	1,5	1,5		
Drift Langeland skule	0,6	1,2	1,2	
	-0,86	-10,2	-11,88	Minus gjev overskott i budsjett
Beskrivelse	2018	2019	2020	Merknad
Sal av kommunale bustadar til SKE AS	-75			
Sal av hamnekontoret	-4			

(Hurtidbåtterminalen)				
Sal av kommunale bygg		-10	-10	
Ombygging rådhuset	-9			
Garderobeanlegg Langeland	2,4			
Fleirbrukshall Nysæter		40		
Nytt bufellesskap Haga overført SKE AS	-17,1			Tall henta frå investerings tab 12,8
Midlertidig bygg Langeland	1,8			
	-100,9	30	-10	Minusbeløp Nedbetaling lån

Verbalforslag:

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein takst for alle kommunale bustadar. Dette med sikte på å overføre bustadane til Stord kommunale eigedom AS.

Kommunestyret ber rådmannen overføre bygging av bufellesskap på Haga til Stord kommunale eigedom AS.

Kommunestyret ber rådmannen sjekke moglegheitene for private drift for privat drift av barnehagen på Litlabø.

Kommunestyret ynskjer å flytta 3 mill. fra Kunstgrasbanen på Hystad til Prestegardskogen Idrettspark.

### **John F. Tonnesen (MDG) kom med følgjande framlegg til budsjett:**

1. Kutte i tilskudd/lønn til gruppeleiarar, 20 000 per pers, samla innsparing 180 000.
2. Kutte utbygging av kunstgrasbane på Hystad, innsparing 3 millionar (heller naturgras)
3. Kutte 50 000 i støtte til Hordaland olje og gass
4. Sende ei uttaling til KS og Kommunaldepartementet:  
Kommunane i dag er pålagt større oppgåver enn det dei kan utføra med dei midlane dei har til rådighet. Det er ikkje samsvar med forplikta oppgåver og overføringar spesielt med tanke på demografiske endringar. Dette medfører ei svekking av kommunale tenester og derav svekka tillit til myndigheiter generelt. Staten bes gå gjennom effekt og konsekvens av måten kommunale overføringar blir rekna på.
5. Rådmannen går gjennom formen budsjettet blir framlagt på og ser på korleis budsjettframlegg kan gjerast meir lettlest og oversynleg for innbyggjarane, der begrep er enkelt forklart og postane er kobla saman så samanhengen er klar og tydeleg.
6. Stord kommune kjører ein kampanje der innbyggjarane bes fremma forslag om gode tiltak for betre ressursbruk og forbetring av tenester, spesielt frå kommuneansatte. Dette kan gjerast digitalt og anonymt.
7. Utsette eller nedjustere utbygging av vatn og avlaup fram til kommunens økonomi betrar seg.

Framlegget fekk 1 røyst (MDG)

## **PS 60/17 Årsbudsjett 2018, økonomiplan 2018-2021 Stord hamnestell**

### **Vedtak**

1. [Kommunestyret vedtek årsbudsjett og økonomiplan for Stord Hamnestell slik det ligg føre/med desse endringane:](#)

Kommunestyret vedtek betalingssatsar i samsvar med vedlegg.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å leggja fram ei sak om rehabilitering av kai på Huglo for hamnestyret.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

\*\*\*\*\*

Bente Bjelland (Ap) kom med framlegg til eit nytt pkt 2 slik det ligg føre i vedtaket.

## **PS 61/17 Godkjenning forprosjektrapport bufellesskap for funksjonshemma**

### **Vedtak**

1. Kommunestyret godkjenner forprosjekt på nytt bufellesskap med inntil 12 utleigebustader, fellesareal og personalbase på Haga, gnr. 25 bnr. 96.
2. Rådmannen får i første omgang i oppdrag å gjennomføra eit hovudprosjekt på ni bu-einingar.
3. Kommunestyret godkjenner eit kostnadsoverslag på kr 36 300 000 inklusive mva, med finansiering slik det går fram av saksutgreiinga.
4. For gjennomføringa gjeld avsnitt 6.1 i kommunen sitt økonomireglement, Prosedyre for gjennomføring av investeringsprosjekt
5. Utbygginga vert gjennomført som totalentreprise basert på skisseteikningar utarbeidd av Stord kommune.

### **Handsaming**

Vedteke med mot 25 mot 10 røyster (SV, Sigurd Sævareid og Bente Bjelland begge Ap, Inger Lill Aasheim og Linda Grundtvig begge Frp og Fredrik Litleskare og Geir Kannelønning begge H) Mindretalet røysta for SV sitt framlegg

\*\*\*\*\*

Hilde Hauglid (SV) kom med følgjande framlegg som fall:

- 1) KST godkjenner forprosjekt på nytt bufellesskap med inntil 6 utleigebustadar, fellesareal og personalbase på Haga, gnr. 25, bnr. 96. KST vedtek at ytterlegare eit nytt bufellesskap med inntil 6 utleigebustadar skal etablerast snarast på eigna stad. Grunngeving for å ikkje byggja bufellesskap med meir enn 6 bustadar er å følgja opp intensjonane i HVPU-reforma, og dermed unngå institusjonspreg på bufellesskapa.

## **PS 62/17 HORDALAND FYLKESKOMMUNE- SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT PÅ TOMT, VERK OG BRUK, JF. EIGEDOMSSKATTELOVA § 7 A**

### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek å ikkje gje fritak for eigedomsskatt for gnr. 27 bnr. 811, Hordaland fylkeskommune jf. eigedomsskattelova § 7a.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

## **PS 63/17 Redningsselskapet- Søknad om fritak for eigedomsskatt**

### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek å gje fritak for eigedomsskatt for gnr. 44 bnr. 521 og gnr. 44 bnr. 523, Redningsselskapet- Norsk selskab til skibrudnes redning jf. eigedomsskattelova § 7a. **Handsaming**

Samrøystes vedteke

## **PS 64/17 Søknad om fritak frå vervet som medlem i Rådet for funksjonshemma, Camilla Utne**

### **Vedtak**

Kommunestyret gjev Camilla Utne fritak frå vervet i Rådet for funksjonshemma ut valperioden.

Kommunestyret vil be om at SAFO Sørvest vil koma med framlegg om ein ny kandidat.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

\*\*\*\*\*

Jakob Bjelland (Sp) kom med framlegg om siste avsnitt.

## **PS 65/17 Søknad om fritak frå verv som meddommar i Gulating lagmannsrett, periode 2017 - 2020 - Stig Tommy Bertil Ling**

### **Vedtak**

Kommunestyret gjev ikkje Stig Tommy Bertil Ling fritak frå vervet som meddommar i Gulating lagmannsrett.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

## **PS 66/17 Endring av gjeldande forskrift om kringgrenser**

### **Vedtak**

Komité for oppvekst og utdanning godkjenner revidert Rettleiande forskrift om kringgrenser for grunnskulane i Stord kommune slik den ligg føre.

### **Handsaming**

28 mot 5 røyster (V og Frp) Mindretalet røysta for framlegget til Venstre.

\*\*\*\*\*

Geir Angeltveit (V) kom med følgjande framlegg som fall:

1. Kommunestyret har som mål å sikra elevane i dagens Langelandskrins, plass ved Langeland Skule. Utan at dette går på akkord med friareal ved skulen. Kommunestyret går ikkje inn for endringane i kringsgrensa slik det kjem fram av saka.
2. Kommunestyret ber administrasjonen kome attende til komité og kommunestyre med sak på utnyttelse av myr-tomta mellom skulen og E39 ved eventuelt kjøp. Samt plassering av brakker i tilknytning til fotballbanen. Brakker som inngår i «Nordbygdo Ungdomsskule», mellom Kongen på Haugane og Gamlehallen skal vurderast.

## **RS 27/17 Samarbeidsrådet for Sunnhordland - Referat AU møte**

[Teke til orientering](#)

### **IS 10/17 SVAR PÅ INTERPELLASJON FRÅ FREDRIK U. LITLESKARE VEDR. UTARBEIDING AV REGULERINGSPLAN FOR MILJØGATA**

#### **Spørsmål frå Fredrik U. Litleskare, H**

«I forbindelse med siste kommunestyrets behandling av planen for etablering av Miljøgate var vi flere som var usikre på den totale kostnad med gjennomføringen av prosjektet. Estimert sum var satt til kr 150.000.000,-. I dette var det ikke tatt med kostnader til innløsning av eiendommer langs traseen planen har lagt til rette for. I kjølvannet av at flertallet besluttet å vedta planen, har det kommet frem i media at flere av grunneierne ikke har fått den nødvendige informasjon, tid for synfaring osv. Dette gjelder spesielt på Vabakkjen hvor eierne av bensinstasjonen Circle K og bilverkstedet Automester A/S. Jeg har henvendt meg til eieren av Automester, Raymond Sandvik, etter hans uttalelser til bladet «Sunnhordland». Han bekrefter at han ikke har funnet noe informasjon fra kommunen i sin e-mail boks, noe som etter hva jeg forstår kommunen mener at de har sendt informasjon til. I tillegg ser en allerede også konsekvensen av vedtaket ved en bedrift i Sæ, hvor en leietaker har sagt opp leieforholdet.

Ut fra disse informasjonene har jeg følgende spørsmål:

- 1) Er det mulig å få klarhet/ informasjon i hvordan eiere/opsittere er blitt informert særskilt om det den gang pågående arbeid med planen, og involveringen av disse?
- 2) Har man fra administrasjonen sin side satt opp et estimat hva innløsning av eiendommer langs traseen vil koste samt mulige rettssaker?»

#### **Ordfører svare:**

Det er detaljregulering for rundkøyring Tveitakrysset og sykkelveg med fortau Heiane – Vabakkjen som berører eigedomane på Vabakkjen der bensinstasjonen Circle K og bilverkstaden Automester AS er etablert, og spørsmåla vert derfor tolka å gjelde handsaminga av denne planen i tillegg til detaljregulering Miljøgata Fv544.

Begge planarbeida har fulgt lovfesta planprosessar. Oppstart av planarbeidet har blitt kunngjort både offentleg i avis/ på kommunen sine heimesider og med tilskrivning til alle berørte partar. Dette vert gjort av tiltakshavar etter adresselister utgitt frå Stord kommune v/ eining for regulering, byggesak og oppmåling (RBO). Vidare har planframlegget vore sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Slik kunngjering skjer, sameleis som oppstart, ved brev til alle berørte partar og ved offentleg lysing i avis (Bladet Sunnhordland) og kommunen sine heimesider som eit minimum. Dette vert gjort av kommunen v/ RBO. Ved utsending av varsel om høyring og offentleg ettersyn vart det også invitert til informasjonsmøte med presentasjon av planforslaga.



Stord kommune bruker hovudsakleg elektronisk kommunikasjon – «svarUt» - ved sine utsendingar av post, men då framlegg til detaljregulering Tveitakrysset og sykkelveg med fortau Heiane – Vabakkjen . vart sendt ut på høyring, vart dette gjort per post. Dei nemnde heimelsinnehavarane vart tilskrivne. Rådmannen har fått stadfesta frå Statens vegvesen at det ikkje har vore dialog mellom tiltakshavar/ konsulent og grunneigarane i planprosessen utover desse formelle høyringsrundane..

Når det gjeld innløyising av eigedomar for realisering av planane, er dette eit ansvar for tiltakshavar som i dette tilfellet er Hordaland fylkeskommune/ Statens vegvesen. Det har difor frå rådmannen si side ikkje blitt vurdert å nytte tid og ressursar på estimering av kostnadsomfang for innløyising av eigedomar.